



# UNIVERSITETET I OSLO

**Jobbnorge-ID:** 262963  
**Søknadsfrist:** 28.05.2024  
**Nettside:** <http://www.hf.uio.no/ifikk/>  
**Omfang:** Heiltid  
**Varighet:** Fast

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk

## Førstekonsulent

### Om stillinga

Ei fast stilling som førstekonsulent (SKO 1408) er ledig ved Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk.

Det er ønskeleg med startdato seinast 12. august 2024.

Arbeidsoppgåvene i stillinga er å gi administrativ støtte til ansatte, samarbeidspartnarar og gjestar. Som ein del av eit stimulerande arbeidsmiljø vil du ha ansvar for varierte arbeidsoppgåver i administrasjonen til instituttet. Stillinga er primært kobla til reine driftsoppgåver, men vil også kunne romme utviklingsoppgåver i samband med forbetring av rutinar. Vi søker etter ein serviceinnstilt person som er god på å handtere menneske og å følge opp fortløpande arbeidsoppgåver.

### Arbeidsoppgåver

- Ansvar for instituttet si førstelinge
- Timelønn, stipend og honorar
- Støtte og mottak av tilsette og gjestar
- Oppfølging av kontorhald som produksjon av nye dørskilt, post/leveransar, tilgangsskort, nøkkelutdeling, sørge for at kontor er nødvendig utstyrt
- Bidra med førebuing og gjennomføring av ulike arrangement
- Innkjøp, reisebestillingar og rombestilling
- Andre arbeidsoppgåver kan bli tillagt ved behov

### Kvalifikasjonskrav

- Utdanning minimum tilsvarande bachelornivå. Relevant realkompetanse kan kompensere for utdanningskravet
- Gode kommunikasjonsevner
- God munnleg og skriftleg framstillingsevne på norsk og engelsk
- Gode IT-kunnskapar
- Relevant erfaring frå tilsvarande arbeid

Ønskeleg kompetanse/erfaring

- Kjennskap til instituttet si verksemd vil være ein fordel
- Kjennskap til DFØ sitt administrative system, SAP, og UNIT4 vil vektleggast
- Kjennskap til aktuelt regelverk, til dømes prinsipp for innkjøp i offentleg sektor, vil vektleggast

### Vi ser etter søkarar som

- er sjølvstendige, initiativrike og løysingsorienterte
- trivst med høgt tempo og varierte arbeidsoppgåver
- har evne til å arbeide målretta og strukturert
- er serviceinnstilte og liker å jobbe med menneske
- har gode samarbeidsevner

### Vi tilbyr

- Lønn frå kr 509 300 til 557 100 kr per år, avhengig av kompetanse
- eit hyggeleg og stimulerande arbeidsmiljø
- god pensjonsordning i [Statens Pensjonskasse](#)
- stilling i ei IA-verksemd, [gode velferdsordningar](#) og høve til trening i arbeidstida

## Søknaden skal innehalde

- søknadsbrev
- CV

Søknad med vedlegg må sendast inn via vårt elektroniske rekrutteringssystem, klikk "Søk stillinga".

Når du søker på stillinga, ber vi deg hente utdanningsresultata dine frå [Vitnemalsportalen.no](https://vitnemalsportalen.no). Om utdanningsresultata dine ikkje er tilgjengeleg via Vitnemalsportalen, ber vi deg laste opp kopiar av vitnemåla eller karakterutskrifta dine.

Aktuelle søkarar vil bli kalla inn til intervju.

## Andre opplysningar

Etter offentleglova § 25 andre ledd kan opplysningar om søkeren bli offentleggjort sjølv om søkeren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkerlista.

Vi viser òg til [regelverk for teknisk-administrativt tilsette](#).

UiO har ein overtakingsavtale for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

Inkludering og mangfald er ein styrke. UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnsamansetting. Vidare ønskjer vi medarbeidarar med ulike kompetansar, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv. Vi vil legge til rette for medarbeidarar som har behov for det.

Om det er kvalifiserte søkarar med funksjonsnedsetting, høl i CV-en eller innvandrarbakgrunn, skal vi kalle inn minst éin søker i kvar av desse gruppene til intervju.

## Kontaktinformasjon

For spørsmål om stillinga:

Administrativ leiar Anne Cathrine Modahl, epost [a.c.modahl@ifikk.uio.no](mailto:a.c.modahl@ifikk.uio.no), mobil 980 15 282

For spørsmål om korleis søke:

HR-konsulent Anders Rykke, epost [anders.rykke@hf.uio.no](mailto:anders.rykke@hf.uio.no)

## Universitetet i Oslo

**Universitetet i Oslo** er den eldste og høgst rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonen i Noreg, med 28000 studentar og 7000 tilsette. Fagleg breidde og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø gjer UiO til ein viktig samfunnsaktør.

**Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk** består av fire faggrupper: Filosofi, idéhistorie, kunsthistorie og klassiske språk (gresk og latin). Instituttet er også ansvarleg for examen philosophicum ved UiO. IFIKK har rundt 110 tilsette.

## Tilleggsinformasjon

### Arbeidsstad:

Nedre Blindern 0316 Oslo (Oslo Kommune)